



Meland kommune

**Møteprotokoll  
for  
Ungdomsrådet**

**Møtedato:** 15.06.2017  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 14.30 -17.00

Til stades: Silje Nordal, Jonas Askeland, Susanne Slettebakken, Marius Thorvaldsen, Synne Matre, Lars Teigland (vara for Thobias Mellingen) og Sofie Bastesen (ekstra vara for Ida Herland).

Ikkje til stades: Linnea Opdahl, Simon Eilertsen, Mia Wergeland Roos

---

Møteiar Silje Nordal

Møtesekretær Kultur- og ungdomskonsulent Ane Bysheim

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
31/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
32/2017	Godkjenning av møtebok
33/2017	Referatsaker
34/2017	Aktuelle saker
35/2017	Møtetider Meland Ungdomsråd
36/2017	Utale til retningliner for bruk av gebyrinntekt til førebyggjande føremål
37/2017	Meland ungdomsråd valg 2017

## **31/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

### **15.06.2017 UNGDOMSRÅDET**

Medlemmane i ungdomsrådet oppfordrast til å vise med tekn under innkallinga om den er mottatt og om dei kjem.

### **UR - 31/2017 VEDTAK:**

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

---

## **32/2017: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

"Møtebok vert godkjent."

### **15.06.2017 UNGDOMSRÅDET**

### **UR - 32/2017 VEDTAK:**

"Møtebok vert godkjent."

---

### **33/2017: Referatsaker**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

"Meldingane vert tekne til orientering."

#### **15.06.2017 UNGDOMSRÅDET**

UKM: Jonas Askeland orienterte om UKM og Unge Arrangører. På lokalmønstring var det 6 Unge Arrangører frå Meland, og Jonas og Mia gjekk vidare til Fylkesmønstringa på Verftet i Bergen. Det var møter og kurs i forkant av fylkesmønstringa der ein fekk meir kunnskap om kva behova var, og korleis ein skal jobbe og roller vart fordelt. Sjølv arrangementet var frå fredag ettermiddag til søndag kveld med omlag 300 delagara frå heile Hordaland. Askeland oppsummerte det slik: Veldig bra: lært mykje og er ein bra erfaring - oppfordarar andre til å være med til neste år. Askeland har i etterkant av dette blitt invitert med på ei veker ungdomsutveksling i Slovakia til hausten. Som innspel til forbedringar: Å utsette stilletida til 12-01 på dei sovesalane slik at dei får prata seg ferdig før det må være stille. Askeland meiner det ikkje bør være Nordhordland på eigne rom som i år for at det skal være lettare å bli kjent med ungdommar frå andre plassar.

ULK workshop mot mobbing: Susanne Slettebakken orienterte om workshopen som ho deltok på på vegne av UR. Det var nyttig og interessant med ulike foredrag og dialg-kafè kor ein fekk komme med innspel til 6 forskjellige tema. Slettebakken var og med og oppsummerte workshopen. Slettebakken tar til orde for at UR skal bidra til å sette det gode miljøet på dagsorden i skulen. Jonas Askeland, Susanne Slettebakken og Silje Nordal ønskjer å være ei arbeidsgruppe som skal inn i skulane for å snakke om temaet mobbing / gode miljø. Ungdomsordinator Ane Bysheim tar kontakt med skulane og finn ei løysing på korleis dette kan gjerast. Planlegging av ungdervisninsopplegget vert mandag 21. august frå 19.00 - 21.00.

#### **UR - 33/2017 VEDTAK:**

"Meldingane vert tekne til orientering."

---

### **34/2017: Aktuelle saker**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **15.06.2017 UNGDOMSRÅDET**

#### **UR - 34/2017 VEDTAK:**

"Orienteringa og presentasjonane vert teke til vitande"

---

## **35/2017: Møtetider Meland Ungdomsråd**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Ungdomsrådet endrar møtetida fra 14.30 – 17.00 til 12.00 – 14.30 og vedtar datoer for hausten 2017

### **15.06.2017 UNGDOMSRÅDET**

Det vert diskutert verknaden av endring. Ei slik endring som er føreslått vil få store konsekvensar for dei som går på vidaregåande. Dei har meir press på oppmøte på skulen kor tre timar kan være mykje og dei må sjølv ta igjen det tapte. I tillegg er det auka reisedistanse og busstider som gjer at dei går glipp av endå meir undervisning.

### **UR - 35/2017 VEDTAK:**

"Ungdomsrådet endrar møtetid frå 14.30 - 17.00 til 14.00 - 16.30 torsdagar. Hausten 2017 blir det møte 14 sptember, 19 oktober, 9 november. Ungdomsrådet vil ha ei felles julevasluttning/julebord 14 desember frå 18.00 - 23.00 på UNG Meland."

---

## **36/2017: Utale til retningliner for bruk av gebyrinntekt til førebyggjande føremål**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

### **15.06.2017 UNGDOMSRÅDET**

Ungdomsrådet ynskjer å kunna ha opp ei sak ein gong i året kor dei betemmer seg for hva tiltak årets midar skal nyttast til. Slik dei ser det no kan det være opplærande aktiviteter/forelesninger/møter inn i skulane/ungdomsmiljø eller å støtta rusfrie arrangement som er retta mot ungdom.

### **UR - 36/2017 VEDTAK:**

"Ungdomsrådet ønskjer å gje ei åreleg tildeling av midlane til lag, organisasjonar, arrangement eller tiltak som er rusførebyggjande"

---

## **37/2017: Meland ungdomsråd valg 2017**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

### **15.06.2017 UNGDOMSRÅDET**

Ungdomsrådet vil leggja vekt på at det demokratiske prinsippet skal være sikra når det kjem til nye medlemmer i UR. Dei ønsker difor ein betre prosess med meir informasjon i forkant av valga på

skulane slik at alle elever har moglegheiten til å stille til valg. Ungdomsrådet meiner at representantar frå ungdomsrådet i lag med kultur- og -ungdomskonsulenten skal informere om arbeidet dei gjer, kor mykje tid ein må reikne med, og at det er eit verv med oppmøteplikt. UR ønskjer at det skal vera deokratisk og at alle som vil skal få stille til valg. Valget blir gjennomført etter retningliner for ungdområdet.

**UR - 37/2017 VEDTAK:**

"Ungdomskonsulenten og representantar frå ungdomsrådet informerar om UR sitt arbeid på ungdomskulane i forkant av valget. Sosiallærer og elverådet kallar inn kandidatane som er til valg og dei får presentere seg som kandiater. Elevrådet gjennomfører valget"

---